



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Næring-, teknisk- og miljøutval
Møtestad: Formannskapetssalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 30.08.2017
Tid: 16:00 – 18.00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Slettevoll	Leiar	H
Liv Sæther Myskja	Medlem	TVP
Kjerstin Sande	Medlem	TVP
Marion Flatøy Bringsvor	Nestleiar	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Einar Ekroll	Medlem	V

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunn-Eli U. Sandvik	Einar Ekroll	SP
Anker Hagen	Arnljot Muren	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kjell Martin Vikene	Teknisk sjef
Rasmus J. Ekroll	Sakshandsamar

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 6

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 49/17	Skriv og meldingar	
PS 50/17	Delegerte saker	
PS 51/17	Gnr 11 Bnr 4 -Torill Hansrud Mo og Eilev Mo - Søknad om konsesjon	2017/780
PS 52/17	Paul Moltubakk og Bjarte Wilnes. Oppføring av kai. Overtredingsgebyr	2014/486
PS 53/17	Etablering av slamavskiljar og utsleppsleidning i Gjerdsvika	2017/883
PS 54/17	Oppgradering av avlaupsleidning spillvatn Grønnevika på Larsnes	2017/882
PS 55/17	Omlegging av vassleidning i Myklebustmyrane	2017/950
PS 56/17	Asfaltering SSR anlegg Myklebustmyrane	2017/951
PS 57/17	Sandstrand - Larsnesvika	2017/778
PS 58/17	Avslutning av RDA-fondet - korrigering av siste tildeling	2017/961

Eventuelt

PS 49/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

RS 6/17 Fylkesmannen: Vedtak i klagesak - utlegging av flytebrygge

RS 7/17 Hjortejakta 2017 Informasjon til NTM-utvalet i samband med jakta
Leiar får fullmakt til å finne kontaktperson her.

VEDTAK:

Skriv og meldinar vart samrøystes teke til vitande.

PS 50/17
DELEGERTE SAKER

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

DS 55/17 Gnr 59 bnr 1, August A. Hauge - Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - inndraging

DS 56/17 Søknad om produksjonstilskot pr. 01.01.2017

DS 57/17 Gnr 87 Bnr 2 og 5 - Larsens Mek. Verkstad AS. Oppføring av stålhall

DS 58/17 Gnr 8 Bnr 1 - Etablering av ridebane - Omdisponering av areal

DS 59/17 Gnr 12 bnr 142 Louise Sandvik og Roger Pettersen. Byggemelding for bustadhus

DS 60/17 Gnr 61 Bnr 38 Ilona Barbara Wiik ,Kvamsøy. Byggemelding for garasje

DS 61/17 Gnr 54 Bnr 17 Jostein Korsnes ,Kvamsøy. Oppføring av lagerbygg - reiskap - verkstad

DS 62/17 Gnr 54 bnr 7 Kåre-Arthur Kvamme - Tilskot til drenering av jordbruksjord - Inndraging

DS 63/17 Gnr 68 Bnr 44 Svein Thue Mikkellholmen. Søknad om oppføring av bod / arbeidsrom

DS 64/17 Gnr 86 Bnr 178 - Stiftelsen Hauemarkja barnehage. Utandørsprosjektet ved Hauemarkja barnehage

DS 65/17 Gnr 86 Bnr 13 Grønholmen AS. Utlegging av flytebrygger

DS 66/17 Gnr 16 bnr 44 - Asle Helge Almestad, Søknad om bygging av garasje med loft

DS 67/17 Gnr 12 Bnr 107 og 137 UNU AS - Montering av skilt for drivstoffstasjon
Haugsbbygda

DS 68/17 Søknad om produksjonstilskot pr. 01.01.2017 - Manuell utbetaling

DS 69/17 Gnr 54 bnr 7, Kåre-Arthur Kvamme - SMIL-midler til gjerding - Inndraging

DS 70/17 Gnr 81 Bnr 4 Ole Henry Olsen. Oppføring av terrasse

DS 71/17 Gnr 87 Bnr 70 Rønneberghuset. Rehabilitering av skorstein

DS 72/17 Gnr 13 Bnr 59 Jan-Fredrik Gjerde. Ny avkjørsle

DS 73/17 Gnr 22 Bnr 6 Kjell Karlson ,Gursken. Oppføring av naust

VEDTAK:

Delegerte saker vart samrøystes teke til vitande.

PS 51/17

GNR 11 BNR 4 -TORILL HANSRUD MO OG EILEV MO - SØKNAD OM KONSESJON

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av Konesjonslova 28.11.2003 nr. 98 og delegasjon til kommunane gjev NTM-utvalet i Sande Eilev Mo og Torill Hansrud Mo, Ørsta, konsesjon på erverv av gnr. 11 bnr. 4 som omsøkt. Samla kjøpesum for gnr 11 bnr 4 og 74 er kr. 1.200.000,-.

PS 52/17

PAUL MOLTUBAKK OG BJARTE WILNES. OPPFØRING AV KAI. OVERTREDINGSGEBYR

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

NTM-utvalet viser til at det er oppført kaier i hamnebassenget utan at det på førehand er innhenta nødvendig løyve og utan dispensasjon frå reguleringsplanen for Haugsbygda hamn.

Kvar av eigarane må betale overtredingsgebyr etter lavaste sats i SAK kap.16 på kr.5000.-

Byggemelding for kai på eigedomane vert godkjendt i delegert vedtak.

PS 53/17

ETABLERING AV SLAMAVSKILJAR OG UTSLEPPSLEIDNING I GJERDSVIKA

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å etablere ny kommunal slamavskiljar på Hageselle i Gjerdsvika. Sjøleidninga tilknytta denne vert å fornye jfr kartskisse datert 01.08.2017. Oppgraderinga vert å gjennomføre i samsvar med saksutgreiinga.

Kostnaden med tiltaket på ca kr 700 000,- vert å finansiere over prosjekt 61 408 Avløpsplanen.

PS 54/17**OPPGRADERING AV AVLAUPSLEIDNING SPILLVATN GRØNNEVIKA PÅ LARSNES**

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å oppgradere kommunal kloakkleidning i Grønnevik på Larsnes. Oppgraderinga vert å gjennomføre i samsvar med saksutgreiinga.

Kostnaden med tiltaket på ca kr 175 000,- vert å finansiere over prosjekt 61408 Avløpsplanen

PS 55/17**OMLEGGING AV VASSLEIDNING I MYKLEBUSTMYRANE**

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å legge om vassleidninga i Myklebustmyrane i ei strekning på ca 220 meter. Teknisk sektor får fullmakt til å inngå reviderte avtalar for ny leidningstrase. Omlegginga vert å gjennomføre i samsvar med vedlagt leidningskart (1). Kostnaden med tiltaket vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga

PS 56/17

ASFALTERING SSR ANLEGG MYKLEBUSTMYRANE

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Asfaltering av kommunal veg i Myklebustmyrane til det nye mottaksanlegget vert å gjennomføre hausten 2017.

Tiltaket skal utførast innanfor ei kostnadsramme på kr 90 000,- og i henhold til vedlagt kartkisse datert 22.08.2017 og skal finansierast over prosjektnummer 61142 Asfaltering i 2018.

PS 57/17

SANDSTRAND - LARSNESVIKA

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Nytt fellesframlegg som vart samrøystes tilrådd:

Sande kommune tek sikte på å ta imot tilbudet frå Einar Haugen m/fleire om ferdigstilling av sandstrand i Larsnesvika på Larsnes i henhold til skriv datert 30.06.2017.

Administrasjonen får i oppdrag å gjere ei ny vurdering av bryggeforholda for båttrafikken i Larsnesvika og legge fram saka på nytt på nyåret.

TILRÅDING:

Sande kommune tek sikte på å ta imot tilbudet frå Einar Haugen m/fleire om ferdigstilling av sandstrand i Larsnesvika på Larsnes i henhold til skriv datert 30.06.2017.

Administrasjonen får i oppdrag å gjere ei ny vurdering av bryggeforholda for båttrafikken i Larsnesvika og legge fram saka på nytt på nyåret.

PS 58/17

AVSLUTNING AV RDA-FONDET - KORRIGERING AV SISTE TILDELING

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Framlegg frå Marion F. Bringsvor, Frp:

Avvik mellom siste tilsegn (sak 45/16) og disponible midlar på kr 170.000,- vert å fordele på dei 4 søkjarane.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Frp)

Framlegg frå Ivar Slettevoll, H:

NTM-utvalet vedtek å korrigere siste utbetaling av RDA-midlane slik det går fram av saksframlegget.

NTM-utvalet vedtek å avslutte RDA-fondet etter siste utbetaling. Evt. restmidlar (renteinntekter) vert å føre over til kommunalt næringsfond.

Tilskotet til LIL vert å utbetale etter at endelege avtale om sluttfinansiering med Sande kommune føreligg.

Framlegget fekk 5 røyster (H, Tvp, Sp) 1 røysta i mot (Frp).

VEDTAK:

NTM-utvalet vedtek å korrigere siste utbetaling av RDA-midlane slik det går fram av saksframlegget.

NTM-utvalet vedtek å avslutte RDA-fondet etter siste utbetaling. Evt. restmidlar (renteinntekter) vert å føre over til kommunalt næringsfond.

Tilskotet til LIL vert å utbetale etter at endelege avtale om sluttfinansiering med Sande kommune føreligg.

EVENTUELT

Spørsmål om gatelys frå Larsnes stadion til Larsnes skule.

Spørsmål om gatelysf rå Nyglå til Honndalen – vert å sende til Statens Vegvesen.

Spørsmål om kulturminneplan

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart Kjerstin R. Sande og Marion F. Bringsvor valde.

Møtet slutt kl 18.00

Kjerstin R. Sande

Ivar Slettevoll

Marion F. Bringsvor

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 31. august 2017

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær